

Handlingsplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2025-2029

1. Innleiing

Handlingsplanen skal vise kommunen sitt samla behov for anleggsutvikling dei kommande fire åra, knytt til idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

For at ordinære anlegg er det eit krav at anlegget er ein del av vedteken kommunal plan for området, dersom anlegget skal få søke tilskot gjennom tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet.

Planen må både ta høgde for rehabiliteringsbehov av eldre anlegg og nye anlegg.

2. Overordna mål og strategiar

«Saman har vi handlekraft på kysten»

Kinn er ein attraktiv kommune som omstiller seg og gir gode og likeverdige tenester. Overordna legg planen opp til å styrke innbyggaren sin evne til å ta i vare seg sjølv og bygge byane våre til å støtte opp om tenesteproduksjonen slik at den kan bli så effektiv som mogleg.

Konkrete målsettingar frå kommuneplanen sin samfunnsdel som påverkar prioriteringane knytt til anleggsutvikling:

Flest mogleg er fysisk aktive.

Bynære friområde, turstiar og nærmiljøanlegg rundt skulane er viktige aktivitetsarenaer som når flest. Vi utviklar og gjer desse tilgjengelege for flest mogleg. Vi sikrar barn og unge si tilgang til idrettsanlegg for å hindre utanforskap.

Alle har moglegheit til å delta i aktivitet og fellesskap, og vi sikrar oppleving og læring i eit mangfald av tilbod.

Vi vidareutviklar eit spennande, utfoldande, rikt og inkluderande idretts- og kulturliv gjennom:

- *å styrke kunnskap og ferdigheiter innan estetiske fag*
- *å ha ei breidde av idrettsanlegg og aktivitetstilbod*
- *Saman med næringslivet, lag og organisasjonar i lokale utviklingsprosjekt*
- *Å styrke nabolaga gjennom felles planlegging og auka innbyggarmedverknad.*

Kinn kommune skal prioritere bustadbygging og formålsbygg i områder som styrker eksisterande bystruktur.

(...) Kinn kommune skal prioritere bustadbygging og formålsbygg i område det er enkelt å velge å gå, sykle og bruke kollektivtransportmiddel.

Vi har ein rasjonell, kostnadseffektiv og formålseffektiv eigdomsforvaltning som støttar opp om tenesteproduksjon.

Vi skal ha så få og gode areal som mogleg. Vi reduserer antal kommunalt eigde m2, for å hindre verditap og sikre at vi omstiller oss til å nytte investeringsmidlar til nybygg og funksjonsforbetring, og ikkje vedlikehaldsetterslep. Vi må omstille oss til ein meir fleksibel bruk og for ein høgare brukarfrekvens av areala.

Vi styrkar og sikrar føreseielege samarbeidsstrukturar for frivilligheita.

Vi vidareutviklar gode strukturar for dialog med dei frivillige organisasjonane, for å avdekke potensiale for samarbeid, forstå kvarandre sine behov og rettleie om støtteordningar.

Dei frivillige organisasjonane blir anerkjent som viktige samfunnsaktørar, som tilbyr kunnskap, utstyr og frivillig innsats.

Å vere deltakande i frivilligheita har fleire dimensjonar som er viktige for lokalsamfunnet. Det gir menneske ein stad å høyre heime, ei kjensel av å vere nyttig og behøvd i eit felleskap. (...) Vi bygger og vidareutviklar det gode samarbeidet mellom td. kultur og helse og frivillige organisasjonar som mellom anna er bygd opp i LevVel og Leve heile livet satsingaa.

Saman med organisasjonane avdekke vi behov i samfunnet generelt og i tenesteproduksjonen spesielt der frvilliig innsats kan utgjere ein viktig og avgjerande forskjell. I dette arbeidet er dei eldre ein viktig ressurs som vi ivaretar og nyttar oss av.

Regional plan: <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/idrett-og-friluftsliv/anleggspolitikk-2020-2024.pdf>

Tiltaka skal bidra til å realisere visjonen Fysisk Aktiv Kvar Dag og målet om at alle skal kunne vere aktive etter eigne ønskje og føresetnader på allment tilgjengelege område i naturen og i anlegg i deira nærmiljø.

Delmål:


1. Anlegg for fysisk aktivitet og friluftsliv skal vere tilgjengelege for folk i deira nærmiljø
2. Anlegg for idrett bør vere knytt til skular og anleggsparkar
3. Utvikle anlegg som tilfredsstiller sær-idrettslege toppidrettsbehov der det kan arrangerast nasjonale og internasjonale meisterskap

Samla betyding for handlingsplan for idrett og fysisk aktivitet

- Dette betyr at alle avhengig av alder, bakgrunn eller økonomi skal ha tilgang til aktivitetsarenaer.

- Kinn idrettsråd er kommunen sin naturlege samarbeidspartner når det gjeld idrettspolitik. Mellom anna er idrettsrådet høyringsinnstans for prioritering av spelemidlar.
- Det er nødvendig å sikre behovsvurderingar og meir systematisk kartlegging, spesielt når det gjeld store og kostnadskrevjande anlegg, for å sikre god ressursbruk og at anlegga svarar på aktuelle samfunnsutfordringar.
- Anlegg der kommunen er eigar, evt leigetakar, må støtte opp om målsettinga om kostnadseffektiv og formålseffektiv forvaltning og tenesteproduksjon. Dvs anlegg som blir nytta av kommunale tenester bør ligge i tilknytning til, eller i nærleiken av, eksisterande offentlege bygg.

3. Status og utfordringsbilete



Folketalet i Kinn er fallande og prognosen iser at vi vil vere om lag 500 færre innbyggjarar i Kinn i 2050 enn i dag. Den demografiske utviklinga er også slik at vi får ei tydeleg nedgang i tal barn i alderen 0-15 år, mens tal eldre over 80 vil gå kraftig opp.


Anlegg og fasilitetar i Kinn

Telemarksforskning har utvikla Norsk idrettsindeks. Dette er ein oversikt over idrettsaktivitet og idrettsanlegg i Norge.

Aktivitet:

[Idrettsindeksen for Kinn kommune](#) viser at i Kinn er det totalt 4927 aktive innan idrett. Dette gir ein aktivitetsandel på 30,7%, noko som er litt under landsgjennomsnittet og nest lågast av kommunane vi samanliknar oss med.

1525 er barn og 1105 ungdom. Aktivitetsandelen blant barn og voksne er under landsgjennomsnittet, mens for ungdom er andelen relativt lik lande som heilhet.



Samla sett har aktiviteten i Kinn vore under fylkes- og landsgjennomsnittet siden 2014. I perioden 2014-2016 sank aktiviteten i Kinn med 662 færre aktive, før aktiviteten steig til 2018. Dei siste to åra har aktivitetsandelen på linje med lands- og fylkesnivået.

Særleg blant [vaksne](#) har vi sett ei auke i aktiviteten fra 2022 til 2023.

I Kinn er det totalt 1730 registrerte medlem i frilufsorganisasjonar. Det utgjer 99,7 medlem per 1000 innbyggjar. Dette er litt over landet elles.

Anleggsdekning:

Idrettsindeksen viser at Kinn har noko høgare anleggsdekning enn landet, men lågare enn dei andre kommunane vi har samanlikna oss med. Samla viser indeksen at kommunar med låge innbyggartal generelt har fleire anlegg pr innbyggjar.

Dersom ein ser på anleggsdekning pr aktiv har Kinn middels god anleggdekning, over landssnittet og over fire andre samanlikningskommunar.

For å dekke krav om kroppsøvningsareal og symjeundervisning er det behov for å bygge gymsalar knytt til skulane Skram skule og Florø barneskule. Desse er planlagt slik som ein volleyballhall og ein aktivitetshall. Idrettar som vil passe godt inn i desse hallane er:

- Volleyball
- Kampsport
- Turn (vil krevje relativt mykje lagerrom)
- Dans
- Ulike trimgrupper (td. Friskis og Svettis)
- Basistrening · mm.

I Florø er det to fleirbrukshallar, som kan nyttast til konkurransehandball. I tillegg er det ein slik hall i Eikefjord, 20 km unna. Bygging av nye «gymsalar» vil frigjere tid i fleirbrukshallene. Med bygging av gymsal ved Florø barneskule vil tilgangen til innandørs aktivitetsflater vere god. Det er planlagt bygging av innandørs fotballhall i Florø. Det vil med dette vere god tilgang til fotballbaner i Florø.

I Måløy er det ein fleirbrukshall, og ein mindre hall med tilhøyrande aktivitetslokale. Det er også ein fotballhall og ein spesialhall til turn. Samla sett er tilgangen til innandørs aktivitetsflater i Måløy god.

Barrierar for deltaking

I følge rapporten *Idrettens posisjon i ungdomstida* (Kort oppsummert nr 1, 2020, Oslo Met), er det to hovudårsaker til at ungdom sluttar; tidspress og at det ikkje lenger er gøy. Sosial bakgrunn, kjønn og geografi har betydning for deltaking og fråfall i idretten.

2 % av barn i Norge deltar ikkje i fritidsaktivitet på grunn av økonomi.

Kostnadsdrivarar i idretten:

Oslo Economics har på vegne av Kulturdepartementet gjennomført analyser for å sjå på økonomiske barrierer for deltaking i idrett. Dei peikar på fire område som påverkar kostnadane i idretten. Analysen viser også at det er store variasjonar mellom særidrettane, gjerne knytt til utstyrsbehov og kostnadar til arrangement og reise.

I et folkehelseperspektiv er det en utfordring at mange av de som slutter i ungdomsidretten, slutter helt å trene, eller at de nedjusterer aktivitetsnivået sitt betraktelig. Dersom målet er å få ungdom til å drive mer med fysisk aktivitet, viser prosjektet at idrettslagene spiller en viktig samfunnsrolle, sammen med treningsstudioene, som har økt mye i utbredelse de siste årene.

Forskningsprosjektet dokumenterer at det er ulike grunner til at ungdom slutter. Mange knytter det å slutte til forhold som direkte har med idretten å gjøre, og til forhold som har med identitet og tilhørighet å gjøre, eller til tidspress.

En viktig utfordring for idretten handler om de sosiale skjevhetene i frafallet, der unge med relativt få ressurser hjemme blir værende i kortere tid i idretten enn ungdom fra høyere sosiale lag.

Figur 1 utdrag frå *Idrettens posisjon i ungdomstida*. Kort oppsummert nr 1, 2020, OsloMet



Figur 2 Figur 2. frå Økonomi som barriere for idrettsdeltakelse - kostnader og kostnadsdrivere i barne- og ungdomsidretten. Oslo Economics for Kulturdepartementet.

Kva som påverkar treningsavgifta:

- Profesjonalisering (trenarar og administrasjon)
- Ant. organiserte treningstimar
- Ant. utøvarar
- Grad av foreldrebetaling

Oslo Economics klarar «ikkje å påvise at det er ein samanheng mellom kommunens anleggstilgang og nivået på samla medlemskontingent og treningsavgift.»

Ambisjonsnivå og kjøpekraft spelar inn. (Økonomi som barriere for idrettsdeltakelse – kostnader og kostnadsdrivere i barne- og ungdomsidretten. Oslo Economics for Kulturdepartementet, s 4,5 og 6)

I Kinn har vi hatt lag og organisasjonar som ikkje har hatt økonomi til å betale leige for anlegga dei nyttar.

Kinn har støtteordningar til lag og organisasjonar som dei kan søke om for å drifte fritidsaktivitetar og lågterskel møteplassar. I tillegg kan lag og organisasjonar søke kulturmidlar til større prosjekt og aktivitet.

Friluftsliv og nærmiljøanlegg:

Idrettsindeksen gir nokre tal knytt til friluftsliv, men ingen om nærmiljøanlegg. Vi manglar også gode tal for den eigenorganiserte aktiviteten.

Organisasjonen [TVERGA](#), peikar på at 79% av den aktive befolkninga over 16 år driv med eigenorganisert fysisk aktivitet. Dette er aktivitet som ein tar initiativet til sjølv. Til samanlikning driv 8,9 % av den aktive befolkninga over 16 år med fysisk aktivitet og idrett i eit idrettslag.

Den eigenorganiserte aktiviteten kan både foregå i dei same anlegga som organisert idrett, eller det kan vere knytt til friluftsliv, nærmiljøanlegg eller ha egne aktivitetsarenaer.

I Kinn har det over fleire år vore fokus på å få på plass nærmiljøanlegg knytt til skulane. Vidare er det arbeidd med å legge til rette for turstiar særleg i dei sentrumsnære områda, både i Eikefjord, Florø og i Måløy er det gode turområde i eller i nær tilknytning til sentrum.

4. Retningslinjer og prioriteringskriterium

Det er krav til at ordinære anlegg for idrett er del av kommunal plan for å kunne søke tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet (dvs spelemiddelordninga). Det er ikkje formalia krav til planen utover dette. Dette er ein slik plan.

Vidare er det eit krav at søknadar om spelemidlar prioriterast gjennom ei politisk fatta vedtak, og er i samsvar med kommunens behov og kommunens plan for idrett og fysisk aktivitet.

Ordninga stiller krav til universell utforming, rett utforming og funksjonalitet, eigarskap, finansiering og drift. Alle kriteria for tilskot blir publisert kvart år i [Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet](#).

Utover dette skal Kinn kommune prioritere anlegg etter følgende kriterium:

- gjeld rehabilitering eller oppgradering av eksisterande anlegg
- styrkjer mangfaldet av aktivitetsanlegg og dekkjer nye behov i kommunen
- ordinære anlegg skal støtte opp om byutvikling og sikre effektiv tenesteproduksjon.

- Ordinære anlegg og nærmiljøanlegg skal lokaliserast ved skular, barnehagar eller andre offentlege møteplassar
- er planlagde og bygde etter prinsipp for berekraft, med låg miljø- og klimabelastning
- har realistisk driftskapasitet, avklart ansvar for drift og langsiktig finansiering
- har godkjende søknadar og har stått lenge på prioriteringslista

5. Handlingsprogram

Programmet inneheld ei oversikt over:

- Kortsiktige (4 år) og prioriterte anleggstiltak med tiltakshavar, status på spelemiddelsøknad, kostnad, finansiering og årstal for utbygging.
- Fordeling i to kategoriar; nærmiljøanlegg og ordinære anlegg.
- Langsiktige (10 år) og uprioriterte aktuelle tiltak.

Sjå vedlegg

5.3 Oppfølging:

Handlingsprogrammet blir rullert kvart år i samband med prioritering av innkomne spelemidlar. Då blir anlegg som er gjennomført tatt ut av lista, og evt ny anlegg kan takast inn.

Sak om rulling av handlingsprogram og prioritering av søknadar blir sendt til Kinn idrettsråd for uttale i forkant av politisk handsaming kvart år.

6. Vedlegg/ litteraturliste

[Økonomi som barriere for idrettsdeltakelse – kostnader og kostnadsdrivere i barne- og ungdomsidretten. Oslo Economics for Kulturdepartementet](#)

[Idrettens posisjon i ungdomstida, Kort oppsummert nr 1, 2020, OsloMet](#)

[Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet - 2025](#)